

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven. Sogn og Fjordane fylke har fleire verneverdige fartøy.

Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for fartøyvern er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp under dette arbeidet. Halvparten av midlane er løvt av Sogn og Fjordane fylkeskommune, resten av Riksantikvaren.

Kven kan søkje

Målgruppa for ordninga er eigalarar og forvaltarar av flytande kulturminne i Sogn og Fjordane. Kommunar, foreiningar, stiftingar, andre samanslutningar og private kan søkje. Fartøya må ha heimeadresse i Sogn og Fjordane. Etter nærmare vurdering kan kravet fråvikast kravet dersom fartøyet har størsteparten av seglingstida si i fylket. Det kan berre søke tilskot for fartøy som har fått tildelt status som verneverdig av Riksantikvaren.

Kva kan støttast

Sikring og istandsetjing av fartøy med heimeadresse i Sogn og Fjordane, som har fått tildelt status som verneverdig fartøy av Riksantikvaren.

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

- Tiltaket må ligge innanfor og bidra til å realisere føremålet med ordninga.
- Det vert ikkje gitt faste/årlege tilskot til drift.
- Tilskot til tiltaket skal normalt ikkje overstige 50 % av kostnadene. Ved særlege høve kan administrasjonen fråvike dette kravet.
- Status på tiltaket må meldast tilbake innan utganen av tildelingsåret.
- Det kan ikkje tildelast tilskot til fartøy som staten eller fylkeskommunen er eigalar av.

Føremål med ordninga

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand fartøy i Sogn og Fjordane for vidare bruk, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Ytterlegare moment ved vurdering av søknad

Løying av tilskot til søknader som fyller grunnvilkåra byggjer på ei heilskapleg vurdering med utgangspunkt i føremålet med ordninga. Det vert mellom anna lagt vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølgje):

- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktigkeit av tiltaket
- Søkjar sin kompetanse og gjennomføringsevne
- I kva grad tiltaket kjem ålmenta til gode
- Kor representativt fartøyet er

Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak

Søknaden må innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon og minst gjøre greie for følgjande:

- Fartøyet sin kulturminneverdi
- Trongen for tiltaket
- Val av løysingar
- Plan for gjennomføring
- Finansieringsplan og budsjett
- Dokumentasjon på at naudsynt myndekrav for tiltaket er oppfylt
- Effekt av tiltaket for ålmenta

Søknaden skal vere signert av ansvarleg søker. Dersom andre enn eigar er søker, skal søknaden også vere signert av eigar eller rett representant for eigar. Dersom søknaden er mangelfull, kan det verte høve til å rette dette innan ein nærrare fastsett frist. Dersom manglane ikkje er retta innan fristen, kan søknaden verte avsist.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Søker skal rapportera status innan utgangen av tildelingsåret og endelig rapport må innleverast innan 15. november seinast to år etter at løvvinga er gitt.

- Rapporten skal innehalde:
- Utgriing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik fra planen for tiltaket
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av foto eller liknande

Søker skal varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege avvik fra prosjektplanen i prosjektperioden.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket(fartøyet) og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at utbetalingar vert haldne attende og at vedtaket om tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Mislegthalde

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane først attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege avvik fra prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Vedtaket kan klagast på i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Sogn og Fjordane fylkeskommune er Fylkesutvalet. Klage vert sendt til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga. Klagefrist er 3 veker frå søker fekk kjennskap til vedtaket.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune si underretning til søkerane om vedtaket skal det mellom anna opplysts om mogelegheitene for å klage, klagefrist og partsinnsyn mv., jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.